

Dato: 11.02.08

PS 05/08	Arbeidsutvalget	Møte: 11.02.08
----------	-----------------	----------------

## Høring - ny lov om dyrevelferd

Arbeidsutvalget i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal behandla høyringa om ny lov om dyrevelferd 11.02.08 (einstemmig vedtatt).

### Høyringsuttale:

#### Generell kommentar:

Ein ser i all hovudsak positivt på lovutkastet. Både språkføring og innarbeidde endringar/tillegg synleggjer eit meir modernisert og tidsriktig lovverk med brei fokus på dyrs velferd.

Ein ser mykje positivt på nye element i lovutkastet som f.eks. innføring av kompetansekrav, varslingsplikt og utvida lovheimel for Mattilsynet til å treffe vedtak .

#### Kommentar til lovutkastet og etterfylgjande forskrift:

Etter mange av paragrafane i lovutkastet fylgjer slik tekst: ***"Kongen kan gi nærmere forskrifter om...."***

Det er naturleg og riktig at forskrift fylgjer lov, og at forskrifta meir detaljert tolkar kva intensjonen med lovparagrafen er, og samstundes gjev meir detaljert omtale og føring for korleis forvaltningspraksis skal vera.

Derfor blir koplinga mellom lovutkastet vi har på høyring nå, og framtidige forskrifter viktig å presisere.

Før Kongen faktisk har gjeve forskrift til dei mest sentrale paragrafane i lovutkastet, blir det vanskeleg å vera sikker på om våre kommentar fullt ut blir relevante.

Våre kommentar må såleis sjåast i ljøs av dette, - og i vesentleg grad også som innspel i høve til korleis forskrift og forvaltningspraksis bør innrettast.

#### Merknader til forslag i loven:

Det er spesielt §32 i ny lov som er eit utfordrande punkt.

### **Vedrørende § 32: Tilsyn og vedtak.**

Beitenekt/-restriksjonar kan godtakast i heilt spesielle tilfelle. Det må vera eit krav at felling av skadedyr må vurderast først. Likeeins er det eit krav at beiterestriksjonar berre skal gjelde inneverande sesong. (Dette må sjåast i samanheng med Rendals-dommen).

Beiterestriksjonar må utløyse konkrete tiltak i forhold til regulering av bestanden i det aktuelle området. Det må til uttak av rovdyr før neste sesong, og det er viktig å kunne bruke hiuttak, fordi dette er effektivt.

Det er berre regulering av rovdyrbestanden som er effektivt verkemiddel for å redusere tap av beitedyr.

Økonomisk kompensasjon: Det må vera full kompensasjon for utgifter og meirkostnader (inkludert meirarbeid) – slik at reelle utgifter/tap blir dekt.

### **Vedrørende § 15: Bygningar, gjerder og mindre innretninger:**

Piggråd: Einige med forslaget om forbod, men det er viktig med god overgangsordning. Foreslår å ta ut ”om nødvendig” i 2. punkt. Den ansvarlige **skal** føre tilsyn (med bygningar, gjerde mm).

### **Vedrørende § 30: Innfanging av ville dyr:**

Innfanging må kunne foregå for å drive med hold av slike dyr i næringsøyemed.

### **Vedrørende dyrevernemnder:**

Ordninga med dyrevernemnder må vidareførast. Nemndene må tilførast tilstrekkelege økonomiske ressursar til å halde oppe ei forsvarleg og godt fungerande ordning.